

NORTURAVEGGEN

Utsmykking av fasade på Nortura-fabrikken i Sogndal som ein del av minnesmerket for Arve Beheim Karlsen og innvolvering av ungdom frå regionen. Eit prosjekt om aukt medvit om inkludering, mangdolk og toleranse og stedsidentitet.





PROSJEKT- MANDAT

KUNSTBYGDA BALESTRAND AS

PROSJEKTLEIAR
Kunstbygda Balestrans AS

INITIATIVTAKAR
Sogndal kommune

SPONSORAR:
Sogn Sparebank
Sparebanken Sogn & Fjordane
Fargerike Sogndal
Sogn Stillas AS
Hollekve Lift AS
Luster Sparebank

SAMARBEIDSPARTNAR:
Sogndal VGS, Sagatun skule, Nortura Sogndal,
lokale kunstnarar, 10-10 silketrykk

FORMÅL OG MÅLSETJING
Utsmykking som del av minnesmerket for Arve Beheim Karlsen

Inkludering av lokal ungdom

Skape refleksjon og aukt medvit om budskapet til minnesmerket. Inkludering, mangfold og toleranse.

Styrke lokal forankring og stedsidentitet gjennom deltakende kunst.

MÅLGRUPPE
Ungdom i regionen, lokalbefolkninga, besøkande

OMFANG OG LEVERANSE
Utsmykking av fasaden på Nortura-bygget i Sogndal

Workshop med silketrykk for elevar ved Sogndal vidaregåande skule

Veggmåleri på Sagatun skule i Balestrand

Pedagogisk opplegg gjennomført i skuleverket

Dokumentasjon av prosessen (bilete, tekst, rapport)

TIDSROM FOR GJENNOMFØRING
Veke 40 i 2024

KUNSTNAR
Giuseppe miconi

RAMMEVILKÅR
Prosjektet er basert på tilgjengelege midlar frå sponsor og samarbeidspartnarar, og har blitt gjennomført innanfor dei gitte budsjetttrammene.

KUNDTBYGDA BALESTRAND AS
Kunstbyda Balestrand AS er eit selskap med hovudføre mål å styrke Balestrand sin posisjon som ei levande kunststad no og i fremtida. Selskapet er non-profit og skal bidra til at kunst og andre kulturuttrykk blir ein viktig utviklingsfaktor i heile regionen.

PROSESS

2024 MARKERTE 25 ÅR SIDAN DET TRAGISKE DØDSFALLET TIL ARVE BEHEIM KARLSEN, OG I DEN SAMANHENG ØNSKJER KUNSTBYGDA BALESTRAND AS Å FASILITERE FOR KUNST VED NORTURA OG SAMARBEID MED LOKAL UNGDOM.



INITIATIV

Initiativtakar er Sogndal kommune, jamfør ønskje frå komitéen for minnesmerke og politisk vedtak om gjen-nomføring. Sogndal kommune ba Kunstbygda Balestrand AS om å være prosjektleiar.

Kunstbygda Balestrand AS tok kontakt med Sogndal VGS for å opprette ei arbeidsgruppe bestående av lærarar, avdelingsleiarar, og oss. Målet for gruppa var å finne ein god samarbeidsmodell for å knyte saman undervisning og kunstnarleg aktivitet.

PLANLEGGJING

Tre lokale kunstnarar vart innvitert til å sende inn skissa for veggmaleriet. Giuseppe Miconi vart vald.

I samarbeid med Sogndal vgs. vart det planlagt eit undervisnings-opplegg som skal gjennomførast kvart år i veke 40 for ein eller fleire skular i Sogndal. Undervisingsopplegget tek utgangspunkt i historien om Arve Beheim Karlsen og minnesmerket

Kunstbygda Balestrand AS knytter til ei kunstnarleg aktivitet.

GJENNOMFØRING NORTURAVEGGEN

I veke 40 vart vegggen klargjord og vaska av elevane i 2. klasse bygg- og anleggsteknikk ved Sogndal vi-daregåande skule.

Giuseppe starta projiseringa av måleriet 4. oktober, med avduking torsdag 24. oktober 2024.

Veggmaleriet er 4 x 8 meter og portretterer ein fri gut som sit på ein fugl på veg opp mot månen, med eit vakkert fjordlandskap i bakgrunnen. Måleriet vart gjennomført med betongmaling på grunna vegg.

INNVOLVERING AV LOKAL UNGDOM

I veke 40 vart det sett opp ein stasjon for silketrykk ved Sogndal vidaregåande skule. Elevane fekk trykke på tekstilar, og motivet som vart brukt var den «frie guten» frå veggmaleriet. Føremålet var å skape kjensle av tilhøyr gjennom klede, og å knyte bodskapen til minnestaden ved Nortura.

I veke 34 gjennomførte Anette Moi, med hjelp frå elevar ved ungdomsskulen, eit veggmaleri på Sagatun skule i Balestrand. Veggmaleriet portretterer ulike karakterar inspirerte av bygda, og vert knytt opp mot hovudprosjektet si tematikk kring inkludering, mangfald og toleranse.



RESULTAT

ØKONOMI:

BUDSJETT 2024: 350 000
TILSKUDD: 285.000
REELLE KOSTNADAR 2024: 352 582

REKNESKAP 2024:

Kunstnarhonorar: 57 750 + 44 238
Prosjektleiing: 60 000
Produkskonskonstnadar: 82 635,5
Kunstaktivitet med elevar: 37 959
Prosjektleiing undervisningsopplegg: 70 000
Dugnads timar: 70 t

ERFARING FRÅ BUDSJETT 2024:

Kunstnarhonorar og enkelte postar må aukes, det er ønskjeleg å etablere lyssetting av veggmåleria.

TILBAKEMELDING OG MEDIEDEKNING

Prosjektet har inspirert lærarar og elevar til å vidareutvikle undervisningsopplegget med eigne kreative metodar.

Innbyggjarane i Sogndal har teke imot utsmykkinga av Nortura-veggen med stor begeistring.

Prosjektet fekk god omtale i Sogn Avis, og i etterkant har Christine Leigh-stiftinga sjølv teke kontakt for å gje ei gåve til vidareføring av prosjektet. Veggmåleriet har vore godt synleg i sosiale medium etter avdukinga.

FYSISK RESULTAT

Veggmåleri 4x8 meter på Norturaveggen
Silketrykk
Flere mindre veggmalier på Sagatun Skule



INNVOLVERT UNGDOM

Elevar ved Sogndal: 100 +
Elevar ved Balestrand: 40 +

INVOLVERTE LÆRARAR:

Per Ilar Lomheim, Vibeke Viem, Anne Marie Bolstad, Unn Elin Lohne og Jorunn Felde







TAKK OG ETTERMÆLE

**TUSEN TAKK TIL SPONSORAR,
SAMARBEIDSPARTNARAR OG DELTAKARAR SOM
HAR GJORT DETTE MOGLEG!**

Prosjektet har fått svært gode tilbakemeldingar, og vi er stolte over at det vert vidareført i 2025. Etter ein søknadsprosess er Anette Moi valt ut av Kunstrådet i Sogndal til å lage veggmåleriet for neste panel på Nortura-fasaden. Lokal ungdom vil også denne gongen bli involvert i prosessen. Veggmåleriet skal gjennomførast i slutten av juni 2025, og det er planlagt aktivitet knytt til mangfaldstemaet i veke 40 ved Sogndal vidaregåande skule. Biletet er ein førebels skisse frå kunstnaren.

“WOW, SJÅ HER HELD DE PÅ. SKAL DE TA HEILE?”
- Begeistra forbipasserande

KONTAKT

DALEG LEIAR
PROSJEKTLEIAR

Silje Forbes
Helle Rabbås

E-POST
TLF.

post@kunstbygda.no
+47 48094585

NETTSIDE

Kunstbygda.no

